



STORD KOMMUNE

Postboks 304

5402 STORD

Saksbehandlar

Tlf. direkte innval

Vår ref.

Dykkar ref.

Dato

Peder Sjø Slettebø

2024/1639-2

21.06.2024

Ønskje om felles utgreiing - Interkommunalt selskap (IKS) for hamneverksemd

Ordføraren i Kvinnherad har bede kommunedirektøren fremja sak om hamnestell i Kvinnherad kommune. I dette ligg mellom anna innføring av forskrift om lokal farvassavgift. Bestillinga kom etter at emnet vart løfta som spørsmål i formannskapet i Kvinnherad, og kommuneadministrasjonen starta saksførebuinga tidleg våren 2024.

Undervegs har det vore dialog med Stord kommune. Kvinnherad kommune har over fleire år hatt eit praktisk samarbeid med Stord Hamnestell, som har vore til god nytte for kommunen vår.

I løpet av saksførebuinga har det kome fram at det ligg store moglegheiter i interkommunalt samarbeid på hamneområdet. Dette har vore drøfta tidlegare, mellom anna i ei interkommunal prosjektgruppe i 2016. Av ulike grunnar vart det aldri lagt fram sak for politisk handsaming i dei aktuelle kommunane, men rapporten «Vurdering av eit interkommunalt hamnesamarbeid i Sunnhordlandsregionen (Plan Vest/WSP, 2016)» som var del av utgreiingsarbeidet den gongen, vurderast å framleis vera eit relevant kunnskapsgrunnlag.

For tida arbeider Kvinnherad kommune også med realisering av Grøn næringspark på Husnes, der bygging av ny kai er sentralt.

Kommunestyra i Stord og Kvinnherad har no dessutan likelydande vedtak om utarbeiding av forprosjekt for ny hamn og ferjekai ved Leirvik (Ytre molo) og vurdering av ny ferjekai på vestsida av Halsnøy.

Forprosjektet vert utarbeidd i regi av Vestland fylkeskommune, og er forventet ferdig ved årsskiftet 2024/25.

Dette gjer at spørsmålet om interkommunalt hamnesamarbeid etter vår vurdering har fått ny aktualitet.

Kommunedirektøren ser at sakene om hamnestell, kai Husnes og nytt ferjesamband gjerne kan sjåast i samanheng. For det første kan interkommunalt samarbeid om hamneverksemd vera det føretrekte alternativet for hamnestell i Kvinnherad. For det andre kan eit interkommunalt hamneselskap etablert i medhald av lov om interkommunale selskap, bidra til at ny hamn og

ferjekai ved Leirvik, og ny kai på Husnes, kan realiserast raskare og utanom kommunane sine ordinære investeringsbudsjett.

I tillegg kan hamneutbygging finansiert av eit ev. IKS, bidra til at fylkeskommunen sine investeringskostnadar for ferjesambandet kan reduserast monaleg. Dette kan vidare auka inntektspotensialet for eit IKS gjennom at fylkeskommunen kan vera leiagetakar av ferjekai.

Kommunedirektøren ønskte å få utvida mandatet for utgreiing av hamnestell til også å omfatta interkommunalt samarbeid i samsvar med beskrivinga over. Kvinnherad kommune ser det som viktig og ønskjeleg at eit IKS på sikt kan omfatta alle kommunane i regionen, men at det i lys av dei ovannemnde prosjekta er føremålstenleg at kommunane Stord og Kvinnherad tek initiativ til å få utgreidd og ev. etablert dette.

I kommunestyremøte i Kvinnherad 20.06 vart det difor gjeve ei orientering til kommunestyret, der ein samstundes bad om tilslutnad til å invitera Stord kommune til eit utgreiingssamarbeid. Me oppfattar at slik tilslutnad vart gjeven, og presentasjonen frå møtet ligg ved dette brevet.

Ettersom me ser saka i samanheng med pågåande forprosjekt for ny hamn ved Leirvik/ferjesamband, og kommunestyret sitt vedtak om Grøn næringspark, ønskjer me at utgreiingsarbeidet kan ha høg prioritet, og gjerne starta tidlegast mogleg hausten 2024.

Dersom Stord kommune svarar positivt på førespurnaden, ønskjer me at det snarast mogleg vert lagt til rette for ein dialog om framdrift, innhald og organisering av utgreiingsarbeidet, samt ei avklaring av kostnadsdelinga.

Me håpar Stord kommune takkar ja til invitasjonen, og ser fram til vidare samarbeid.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Vegard Bjørnevik
Ordførar

Gunn Berit Sandnes Fosse
Konst. kommunedirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.